



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS

Dykkar ref. **Sakshandsamar:**
Knut Bjørnevoll

Tjuvikveien 4
5108 HORDVIK

Vår ref.
2009/2480 - 0 -
929/2010

Arkivkode: **Dato:**
196/4 15.01.2010

Delegert sak

**Rammeløyve for veg, vatn og avløp –
igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeid
R.S. Bygg og Entreprenør -gbrnr 196/4 Midtgård**

Vi viser til søknad løyve til tiltak motteken 11.12.2009 og vedlagt:

- Generell beskrivelse, kravspesifikasjon
- Planar og profil
- Kvittring for sende nabovarsel
- Søknader om ansvarsrett, kontrollerklæring for prosjektering
- Merknad frå eigarane av 6 eigedommar datert 14.05.09
- Merknad frå Jon og Anne Signe Andvik datert 20.05.09

Saksutgreiing/Vurdering

Det er søkt om løyve til utføring grunn- og terrengarbeid for veg, vatn- og avløpsanlegg i nytt bustadfelt i samsvar med reguleringsplan *Midtgård/Leknes Gnr.196 Bnr.4*. Utførande røyrleggar er ikkje utpeikt enno . Det mottekne materiellet kvalifiserer difor til rammeløyve for heile tiltaket og igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeidet (vegar og grøfter).

Det er også søkt om utsleppsløyve for feltet og området gjennom eksisterande kommunal utsleppsleidning i sjøen. Denne søknaden vert handsama som eiga sak.

Nabomerknader: Det har komme felles merknad frå eigarane av 6 eigedommar, som gjer merksam på private leidningar i området, og frå **Jon og Anne Signe Andvik** som ber om at tilkomstvegen deira vert teken omsyn til ved utbygginga, og at plassering av postkassar og busstopp vert oppretthalde.

Ansvarleg søker skriv at dette vil verta ivaretatt ved gjennomføring av arbeidet.

Kommentar frå administrasjonen: Dei forholda som vert tekne opp av grunneigarane, er privatrettslege. Anlegga skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan og utbyggingsavtale. Utbyggar må elles syta for å gjera dei private avtalar som er nødvendige for gjennomføringa av tiltaket.

Gebyr: Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Middels	8.800,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-
SUM	10.200,-



